



Møtebok

Budsjett avdeling for plan og utvikling

Utval sak	Utval	Møtedato
107/17	Utval for plan og miljø	23.11.2017

Vedlegg

1 Formannskapssak 67/17

Utrykte dokument

På Fitjar kommune si heimeside <http://www.fitjar.kommune.no/nyheter/budsjett-2018-og-okonomiplan-2018-2021/> er alle dokument tilgjengeleg.

Bakgrunn:

Fitjar formannskap handsama i sak 67/17 – Budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 med slik vedtak:

«Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan styrka drifta, særleg med tanke på balansen i langtidsplanen (forbetra resultat). Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak innafor eige budsjett.

Ein ber administrasjonen ved plan og miljø om ei utgreiing av konkurranseutsetjing av m.a. reinhald.

Ein ber administrasjonen ved oppvekst og omsorg om ei utgreiing av fysioterapitenesta for om mogeleg å ta ned kostnader, dette for å koma ned på kostra-snittet i vår kommunegruppe. Også med tanke på krav om ergoterapeut frå 2020."

Administrasjonen vil legge fram utgreiing vedkomande konkurranseutsetjing av m.a. reinhald i møtet.

Idet ein syner til vedtak frå formannskapet vert saka med dett lagt føre Utval for plan og miljø.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.11.2017:

Økonomisjef Trond Salmo orientere om budsjettet i møtet.

Avdelingsleiar for plan og utvikling orienterte om målsetting for ansvar 3000 – plan og miljø

Rådmannen orienterte om ansvar 3100 – 3400 drift og brann, samt Stord/Fitjar landbruks- og miljøkontor.

Utdelt i møte: Notat frå rådmannen vedkomande konkurranseutsetjing av reinhald – førebels vurdering, jf. vedtak i formannskapet

Utvalet drøfta saka og finn ikkje at det her ligg føre fordeler ved å konkurranseutsetja reinhaldet.

Representanten Torstein Grimen (H) kom med slikt framlegg til uttale til budsjettet frå utvalet:

Utval for plan og miljø kan ikkje sjå at Fitjar kommune er stor nok til å få noko effekt av å privatisera reinhaldstenesta. Me vil heller oppmoda om å gjera vår eigen reinhaldsavdeling betre og gjera den konkurransedyktig for framtida.

Utvalet vil gjera nødvendige grep innan sjølvkostområde.

Uttale til formannskapet frå Utval for plan og miljø: (Samrøystes)

Utval for plan og miljø kan ikkje sjå at Fitjar kommune er stor nok til å få noko effekt av å privatisera reinhaldstenesta. Me vil heller oppmoda om å gjera vår eigen reinhaldsavdeling betre og gjera den konkurransedyktig for framtida.

Utvalet vil gjera nødvendige grep innan sjølvkostområde.

Atle Tornes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.